

Referat frå møte i Ungdomsrådet



Tid: **10.01.2019, kl 14:30 - 15:15**

Frammøte: **Kommunestyresalen**

Møteleiar: Ina Lien Rykkje, leiar

Gyldig fråfall meldast snarast til: **Siri Marie Erland**
epost: **siri.marie.erland@stord.kommune.no**

- 1.** Opprop
- 2.** Innkalling og referat godkjent
- 3.** Dagsorden godkjent
- 4.** Gjennomgang av referatsaker
- 5.** Økonomi – Rådet ynskjer å prioritere eitt foredrag med Simen Almås for 10. trinn haust 2019
- 6.** Orientering:

- Påmelding Hordaland fylkesting: Ina ordnar med påmelding
- Orientering om Program for folkehelsearbeid og prosjektsisse/ samandrag
- Handlingsplan for vald og overgrep: Referat frå møte i referansegruppa og presentasjon vert sendt medlemene på e-post. Tenk på om du ynskjer å representere Ungdomsrådet i referansegruppa neste gong det er møte.

7. Saker:

- Presentasjon av nye medlemar i rådet/ styret
- Nytt bilet til nettsida og Facebook: Rådet tek bilde på neste møte når samtykke er klart og fleire er til stades så me får flest mogleg med.
- Samtykke frå medlemar og føresette: Me avtalte å ha dette klart til neste møte.
- Møteplan vår 2019 – me finn ny dato i mars grunna planleggingsdag 18. mars. Elles er planen grei. Sjå møteplan vår 2019; du finn den på nettsida til Ungdomsrådet.
- Felles ordensreglement for grunnskulane vart ikkje klart før møtet og saka vert utsett til reglementet kjem på høyring.
- Foredrag Simen Almås: Ina orienterte om stoda så langt. Ho og Anne Marte avtalar dato med Simen Almås og med skulane. Me finn lokale med plass til å samle alle 10-klassingane. Kan me bruke Stord ungdomsskule sin sal?

Ymse

- Invitasjon til å vera med å planleggja og gjennomføra eit folkemøte/ folkehelseforum 2. mai: Det er fleire medlemar som vil delta i møta og vere med på å forme folkehelsedagane. Dei ynskjer å kome minst 2 på kvart møte. Miriam er kontaktperson i

Ungdomsrådet. Siri melder frå om dette til Bjarte Epland og Iselin L. Amundsen, og så tek dei kontakt med Miriam.